




Temakart T1 - Sentrumskjerna

Kommuneplanen sin arealdel 2019 - 2031

Nasjonal ArealplanID 1516 2017



§ 5.2 Kvalitetskrav til sentrumskjerna

Temakart T1 viser avgrensing av sentrumskjerna. Innenfor sentrumskjerna skal det leggest til rette for ei meir bymessig utvikling, med strammare gatestruktur som tydligare definerer byggelinjer, gangareal, torg og møteplassar, og skil desse frå trafikkkarealet. Gjennom detaljplanar og områderegulering skal det leggest til rette for ei høg grad av funksjonsblandingar med vekt på servicefunksjonar, tenesyting, bevertning, handel og bustadar, slik at ein får aktivitet i sentrum til forskjellige tider på døgnet.

For areal avsatt til sentrumskjerna skal følgjande sikras gjennom reguleringsplanar :

- Bymessig utforming av området gjennom fortetting og høg arkitektonisk kvalitet som bygger vidare på stadens eigenart.
- Planane skal sikre eit finmaska gatenett og byromstruktur med variert arealbruk og utovervendte funksjonar i 1.etasje mot sentrale gater og byrom.
- Gode og solfylte byrom og integrering og vidareutvikling av eksisterande stadlege eigenskapar, som historiske og kulturelle spor, og viktige terreng og naturkvalitetar.
- God tilgjengeleghet med prioritet på gåande og syklende
- Sikre gode og samanhengande grøntstrukturar, gate og byromstrukturar både innanfor sentrum, men også til omkringliggende områder
- Gode vei- og gateløsningar som prioriterer lokalsamfunnet framfor gjennomgangstrafikk
- Etablere tilfredstillande skjerming mot støy- og luftforureining gjennom plassering og utforming av bebyggelsen.
- Gode parkeringsløsningar.

§ 5.2.1 Handelskjerna

Utover krav til sentrumskjerna gjeld her kravet om at det innanfor handelskjerna skal vere publikumsretta funksjonar med opne utoverretta fasadar i 1.etasje i alle bygningar. Minimum 50 % av glasflatene i 1.etasje skal vere fri for reklameskilt og foliering. Avfallshandtering og varelevering skal handterast innomhus. Den ubebygde delen av eigendomen skal til ei kvar tid haldast ryddig og vere open for almen ferdsel.

§ 5.2.2 Utarbeiding av områdeplan i sentrum

For å vidareutvikle og styrke sentrumskjerna i Ulsteinvik skal det utarbeidast ein områdeplan. Utstrekning er lagt inn i plankartet med KpArealformål 1130 Sentrumsformål.

Nye tiltak innanfor dette området, som vert omsøkt før områdeplan er vedteken, skal vurderast i forhold til ønska framtidig utvikling i sentrumsområdet.

Teiknforklaring:

- Ytre avgrensing SENTRUMSKJERNA
- Friområde, sentrale aksar og grøntdrag
- Områdeplan
- Handelskjerna

Temakart utarbeidd av:
Teknisk etat
Plan- og bygningsavdelinga

Dato: 04.02.2019

